



Notat

Dato: 13.11.2017
Arkivsak: 2016/34130-13
Saksbehandlar: talhals

Til: Jostein Aksdal

Frå: Tale Halsør

Tilleggsutgreiing 132 kV-linje Kjønnagard - Myrkdalen, Voss

Viser til dokument på sak og tilleggsutgreiing på NVE sine sider:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4539&type=A-1>

Vi har fått på høyring utgreiing av alternativ 4 gjennom Oppheimsdalen og søknad om riggplassar. Alternativ 4 var med på kart i tidlegare høyring, men vart ikkje søkt om. Voss Energi har på oppdrag frå NVE no utgreidd også dette alternativet, men ønskjer ikkje å søkje om det. NVE, som meiner dette er eit teknisk og økonomisk betre alternativ, ønskjer å få fram kva for nokre verdiar og interesser som er i dette området, før dei vurderer konsesjon til linja. Dei ber oss difor om å vurdere alternativ 4 og gje innspel på våre områder. Det er også søkt om riggplassar i denne runda. Dette er av lokal karakter, men ber dykk sjå over om det kan vere i strid med kulturminneverdiar.

Vi får utsett frist på politisk handsaming av saka, men skal sende inn administrativ fråsegn innan fristen 6. desember. Ber difor om innspel seinast *måndag 4. desember*.

NB! Ber om at de i notatet formulerer eventuelle vedtakspunkt til den politiske saka. Dersom det ikkje er formulert vedtakspunkt, vil eg gå ut i frå at de ikkje ønskjer vedtak i saka.